

Fjord kommune

Innkalling

Utval:	Fellesnemnda - Fjord kommune
Møtestad:	Rådhuset i Valldal
Dato:	16.10.2018
Tid:	Kl. 17:00 (Møte i partsamansett utval frå 16:30-17:00)

Vi minner om reglane i kommunelova om møteplikt og lovleg forfall og om rett til fri frå arbeid. Forfall med grunngjeving må meldast på telefon 70 25 88 00, så snart som mogleg. Varamedlemar skal ikkje møte utan særskilt innkalling.

Dersom det er behov for meir informasjon i sakene, ta kontakt med administrasjonssjefen før møtet. Innsyn i ikkje utsendte saksdokument kan du få ved å vende deg til servicetorget. Nye forslag/endringsforslag bør være utforma på førehand for å sikre betre møteeffektivitet. Eventuelle habilitetsspørsmål bør avklarast med leiaren før møtet.

Diverse orienteringar ved leiaren, administrasjonssjefen og prosjektleiar i møtet.


Sakliste

Sakstype	Sak nr.	Sakstittel
PS	062/18	Godkjenning av møtebok
PS	063/18	Godkjenning av retningsliner for nye nettsider og facebook
PS	064/18	Nemnd for utarbeiding av plan for utbygging av framtidsetta breibandsnett i Fjord kommune
PS	065/18	Samfunns- og næringsutvikling – val av politiske representantar og mandat for arbeidsgruppe

Valldal den 11. oktober 2018

Eva Hove
leiar

Bente Klakken Osvik
konsulent



Fjord kommune

Arkiv: FE-033
JournalpostID: 18/91
Saksbehandlar: Bente Klakken
Osvik
Dato: 11.10.2018

Saksframlegg

Godkjenning av møtebok

Saknr. Utval	Utval	Møtedato
062/18	Fellesnemnda - Fjord kommune	16.10.2018


Utsendte saksdokument:

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
20.09.2018	Protokoll - Fellesnemnda - Fjord kommune - 18.09.2018	1325208

Arbeidsutvalet si innstilling:

Møtebok frå førre møte vert godkjent.

Karl André Birkhol
Administrasjonssjef



Fjord kommune

Møteprotokoll

Utval:	Fellesnemnda - Fjord kommune
Møtestad:	Kommuneshuset i Stordal
Dato:	18.09.2018
Tid:	Kl. 17:00 – 19:30

Medlemmer:	Parti
Eva Hove	AP
Olav Løvoll	AP
Bjørn Ove Olsen	H
Arne Sandnes	SP
Kjersti R. Hjelle	SP
Laila Olsen	SP
Viktor Valdøl	TVLN

Forfall:	Parti
John Helge Larsen	AP

Vara:	Parti
Palma F. Øvrebust	AP

Andre:
Adminstrasjonssjef Karl André Birkhol
Rådmann Anne Berit Løseth
Næringsjef i Norddal kommune Toralv Klokkehaug
Prosjektleder Hilde Dyrkorn som også var sekretær på møtet

Eva Hove
leder

Hilde Dyrkorn
prosjektleder/sekretær

Saksliste

Sak nr.	Sakstittel
054/18	Godkjenning av møtebok
055/18	Kommunestyre- og fylkestingsvalet 2019 - fastsetting valdag
056/18	Val av valstyre for kommunestyre- og fylkestingsvalet 2019
057/18	Røystekrinsar i Fjord kommune
058/18	Valnemnd for fellesnemnda
059/18	Samfunns- og næringsutvikling i Fjord kommune - oppretting av arbeidsgruppe
060/18	Tertialrapport sept 2018
061/18	Prosjektplan revidert september 2018 til godkjenning

Ingen hadde merknader til innkalling og sakliste.

Delt i møtet:

- Strategisk næringsplan for Norddal kommune 2016-2026
- Strategi for Fjordhagen AS 2018-2022
- Notat: Næringsarbeid i Norddal kommune (alle næringer)
- Innleiarene på Næringsutviklingskonferansen sine fem gode råd for næringsutvikling

Orienteringar:

Orientering frå leiaren:

Orienterte om Vekst Stordal i samband med Toralv Klokkehaug og Anne Berit Løseth si orientering til sak 59/18: Samfunns- og næringsutvikling i Fjord kommune - oppretting av arbeidsgruppe

Orientering frå prosjektleiar:

Midlar til infrastrukturtiltak frå KMD.

Oversikt over andre midlar ein har søkt om, og plan for korleis ein kan køyre prosjektet som planlagt med ein auka eigenandel for Fjord.

Avventar fortsatt svar på søknad om skjønnsmidlar. Denne vil ha store konsekvensar for kva muligheit ein har til utføring og implementering av nye system. Opplæring av tilsette vert ein stor post på budsjettet for 2019.

Orienterte og om nemnd for kommunevåpen og ordførarkjede som er godt i gang. Arbeidsgruppene er i gang med fase II, og administrasjonssjef og prosjektleiar vert invitert til møta.

Orienteringar frå administrasjonssjefen:

Tenkte løysingar for administrativ organisering i Fjord. Det er stor vekt på at ein treng eit kommunalsjefnivå, spesielt i ein fase der ein skal bygge ein ny kommune. Det kan vere at ein endrar einingsleiarar til avdelingsleiar, rektorar og styrar, men saka er langt ifrå konkludert. Administrasjonssjefen vil kome attenede med administrativ organisering til møtet i november. Arbeidet med framstilling av forslag til administrativ struktur er breitt forankra, og det har vore fleire arbeidsmøter med dei hovudtillitsvalte, vernetenesta, administrasjon og i det siste også for arbeidsgruppene fase II. Administrasjonssjefen har bede arbeidsgruppene i fase II spesielt om å kome med innspel til overordna organisasjonsstruktur i oppgåveløysinga si.

054/18: Godkjenning av møtebok

Arbeidsutvalet si innstilling:
Møtebok frå førre møte vert godkjent.

Behandling:
Samrøystes i samsvar med innstillinga.

FELLES-FJ- 054/18 Vedtak i Fellesnemnda - Fjord kommune 18.09.2018:
Møtebok frå førre møte vert godkjent.

055/18: Kommunestyre- og fylkestingsvalet 2019 - fastsetting valdag

Arbeidsutvalet si innstilling:
Fellesnemnda vedtek at det skal vere valdag for kommunestyre- og fylkestingsvalet måndag den 9. september 2019.

Behandling:
Samrøystes i samsvar med innstillinga.

FELLES-FJ- 055/18 Vedtak i Fellesnemnda - Fjord kommune 18.09.2018:
Fellesnemnda vedtek at det skal vere valdag for kommunestyre- og fylkestingsvalet måndag den 9. september 2019.

056/18: Val av valstyre for kommunestyre- og fylkestingsvalet 2019

Arbeidsutvalet si innstilling:
Valstyre for kommunestyre- og fylkestingsvalet 2019:

Medlemar:

Personleg vara:

Leiar:

Nestleiar:

Medlemar:

Behandling:**Fellesnemnda gjekk samrøystes inn for slikt vedtak:**

Valstyre for kommunestyre- og fylkestingsvalet 2019:

Leiar: Arne Sandnes
Nestleiar: Eva Hove
Medlemar: Bjørn Ove Olsen
Viktor Valdal
Olav Løvoll
1. vara: Per Magnus Berdal
2. vara: Kjersti R. Hjelle
3. vara: Claus Hoff
4. vara: Laila Olsen

FELLES-FJ- 056/18 Vedtak i Fellesnemnda - Fjord kommune 18.09.2018:

Valstyre for kommunestyre- og fylkestingsvalet 2019:

Leiar: Arne Sandnes
Nestleiar: Eva Hove
Medlemar: Bjørn Ove Olsen
Viktor Valdal
Olav Løvoll
1. vara: Per Magnus Berdal
2. vara: Kjersti R. Hjelle
3. vara: Claus Hoff
4. vara: Laila Olsen

057/18: Røystekrinsar i Fjord kommune**Arbeidsutvalet si innstilling:**

Fellesnemnda for Fjord kommune vedtek desse røystekrinsar f.o.m kommunestyre- og fylkestingsvalet 2019:

Krins 1: Valldal krins
Krins 2: Stordal krins
Krins 3: Eidsdal krins

Behandling:

Samrøystes i samsvar med innstillinga.

FELLES-FJ- 057/18 Vedtak i Fellesnemnda - Fjord kommune 18.09.2018:

Fellesnemnda for Fjord kommune vedtek desse røystekrinsar f.o.m kommunestyre- og fylkestingsvalet 2019:

Krins 1: Valldal krins
Krins 2: Stordal krins
Krins 3: Eidsdal krins

058/18: Valnemnd for fellesnemnda

Arbeidsutvalet si innstilling:

Desse vert valde som valnemnd for fellesnemnda fram til kommunestyrevalet 2019.

Frå fellesnemnda	Laila Olsen
Frå valnemnda i Norddal	Gudmund Relling
Frå fellesnemnda	Kjersti R. Hjelle
Frå valnemnda Stordal	Frode Færøy

Behandling:

Samrøystes i samsvar med innstillinga.

FELLES-FJ- 058/18 Vedtak i Fellesnemnda - Fjord kommune 18.09.2018:

Desse vert valde som valnemnd for fellesnemnda fram til kommunestyrevalet 2019:

Frå fellesnemnda	Laila Olsen
Frå valnemnda i Norddal	Gudmund Relling
Frå fellesnemnda	Kjersti R. Hjelle
Frå valnemnda Stordal	Frode Færøy

059/18: Samfunns- og næringsutvikling i Fjord kommune - oppretting av arbeidsgruppe

Arbeidsutvalet si innstilling:

1. Fellesnemnda tek orienteringa om dagens næringsorgansiering i Norddal og Stordal til vitande.
2. Fellesnemnda oppnemner ei arbeidsgruppe som får i oppdrag å arbeide vidare med temaet samfunns – og næringsutvikling. Nemnda skal kome med råd om korleis Fjord kommune på best måte skal legge til rette for næringsutvikling og synleggjere næringane sine behov .
3. AU skal utarbeide nærare mandat for gruppa.
4. Arbeidsgruppa nemnt i pkt 2 skal ha slik samansetjing:
 - 2 representantar oppnemnt av næringslaga – ein frå kvar av dei noverande kommunane
 - 2 politisk representantar valgt av fellesnemnda.
 - Rådmann i Stordal, Anne Berit Løset
 - Rådmann i Norddal, Karl Andre Birkhol
 - Planleggar Martin Flatmo Hove
 - Terese Jemtegård Moen
 - Harald Espeland

Behandling:**Fellesnemnda gjekk samrøystes inn for slike endringar til innstillinga:**

Pkt 1: Inga endring.

Pkt 2: Legg på denne setninga til slutt: Nemnda må også kome med råd om korleis vi skal engasjere ungdom i desse spørsmåla.

Pkt 3: AU skal utarbeide framlegg til mandat som skal endeleg godkjennast av fellesnemdna.

Pkt 4: Slik det står, men med dette tillegget når det gjeld 2 politisk valde. « 2 politisk valde representantar valde av fellesnemnda etter tilråding frå valnemnda.»

FELLES-FJ- 059/18 Vedtak i Fellesnemnda - Fjord kommune 18.09.2018:

1. Fellesnemnda tek orienteringa om dagens næringsorgansiering i Norddal og Stordal til vitande.

2. Fellesnemnda oppnemner ei arbeidsgruppe som får i oppdrag å arbeide vidare med temaet samfunns – og næringsutvikling. Nemnda skal kome med råd om korleis Fjord kommune på best måte skal legge til rette for næringsutvikling og synleggjere næringane sine behov . Nemnda må også kome med råd om korleis vi skal engasjere ungdom i desse spørsmåla.

3. AU skal utarbeide framlegg til mandat som skal endeleg godkjennast av fellesnemdna.

4. Arbeidsgruppa nemnt i pkt 2 skal ha slik samansetjing:

2 representantar oppnemnt av næringslaga – ein frå kvar av dei noverande kommunane

2 politisk valde representantar valde av fellesnemnda etter tilråding frå valnemnda

Rådmann i Stordal, Anne Berit Løset

Rådmann i Norddal, Karl Andre Birkhol

Planleggar Martin Flatmo Hove

Terese Jemtegård Moen

Harald Espeland

060/18: Tertialrapport sept 2018**Arbeidsutvalet si innstilling:**

Fellesnemnda tek tertialrapport for Fjord kommune til vitande.

Behandling:

Samrøystes i samsvar med innstillinga.

FELLES-FJ- 060/18 Vedtak i Fellesnemnda - Fjord kommune 18.09.2018:

Fellesnemnda tek tertialrapport for Fjord kommune til vitande.

061/18: Prosjektplan revidert september 2018 til godkjenning

Arbeidsutvalet si innstilling:


Prosjektplanen Norddal og Stordal byggjer Fjord kommune, vert teken til vitande.

Behandling:

Samrøystes i samsvar med innstillinga.

FELLES-FJ- 061/18 Vedtak i Fellesnemnda - Fjord kommune 18.09.2018:

Prosjektplanen Norddal og Stordal byggjer Fjord kommune, vert teken til vitande.



Godkjenning av retningsliner for nye nettsider og facebook

Saksnr. Utval	Utval	Møtedato
004/18	Partsamansett utval - Fjord kommune	16.10.2018
063/18	Fellesnemnda - Fjord kommune	16.10.2018

Utsendte saksdokument:

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
10.10.2018	Retningsliner nye nettsider og facebook	1325245

Arbeidsutvalet si innstilling:

Retningsliner for nye nettsider og facebook vert vedteke slik dei ligg føre.

Saksgrunnlag:

Direktoratet for forvaltning og ikt (Difi) har som samfunnsoppdrag er å vere eit sentralt fagorgan for modernisering og omstilling av offentleg sektor. Dei er eit fagorgan for Kommunal- og moderniseringsdepartementet og Nærings- og fiskeridepartementet på fagområda leiing, organisering, offentlege anskaffingar og digitalisering i offentleg sektor. Difi skal bruke heile verktøykassa slik at fagkompetanse, verkemiddel og Difi sine verktøy skal få omstilling til å skje. Difi skal vere ein pådrivar og premissgivar som får omstilling til å skje i tråd med fastsette mål.

Meir frå Difi:

<https://www.difi.no/fagomrader-og-tjenester/digitalisering-og-samordning/kvalitet-pa-nett/kriteriesett>

Saksopplysningar:


Arbeidet med bygging av ny heimeside for Fjord kommune 2020 er godt i gang. Det er sett ned ei arbeidsgruppe beståande av Siv Krokfoss, Alexander Oudijk frå Stordal, og frå Norddal, Magnhild Grønningsæter, Monika Lingaas og Aud Lindis Ødegaard, som også er leiar av arbeidsgruppa.

AU behandla utkast til nye retningsliner i møtet 2. oktober. Det var ingen merknadar til utkastet. Saka vert sendt vidare til PSU- partsamansatt utval for Fjord.

Saksvurdering og konklusjon:

Arbeidsutvalet rår til at retningsliner for nye nettsider og facebook vert godkjende slik dei ligg føre.

Karl André Birkhol
Administrasjonssjef



Fjord kommune

Retningslinjer for nye nettsider og facebook

Organisering

Administrasjonssjef er øvste ansvarleg for all kommunikasjon frå den kommunale administrasjonen, og ansvarleg redaktør for nettsidene. Redaktørfullmakt for den daglege drifta er delegert til nettredaktør. Nettredaktør organiserer det daglege arbeidet med nettsidene, strukturane i administrasjonsverktøyet, kontakten med nettsideleverandøren og brukartilgangen. Nettredaktøren og superbrukarar (redaksjonskomite) gir leiarar og tilsette opplæring og råd, legg til rette og støttar i arbeidet med nettsidene. Nettredaktøren avgjer kva som skal publiserast som fokusnyhende og som «viktig melding» på framsida.

Leiarar på alle nivå har ansvar for at informasjon om eige ansvarsområde er oppdatert og korrekt. Leiarar har ansvaret for at den enkelte avdelinga effektivt samordnar kommunikasjonen med andre, både kommunale, statlege og private, slik at informasjonen framstår heilskapleg for mottakaren.

Ansvarleg redaktør, juridisk ansvarleg for informasjonen – administrasjonssjef

Nettredaktør, operativ ansvarleg for å forvalte nettsidene til Fjord kommune

Områderedaktør, har publiseringsrettar på definerte sider

Web-kontaktar, kontaktpersonar på einingane som skal koordinerer mot redaktørane

Fagansvarleg, skal godkjenne fagleg innhald og bidra til innhaldsproduksjon – einingsleiarar

Lokal nettredaksjon, ivareta ansvar og produsere innhald.

Føremålet

- Gi innsikt i kommunen sitt arbeid og ansvarsområde
- Gi korrekt, oppdatert og heilskapleg informasjon om rettar og plikter.
- Bidra til effektiv krisehandtering
- Fokus på kontinuerleg forbetring framfor produksjon

Nettsidene skal

- Innehalde relevant og aktuell informasjon av god kvalitet
- Gjere det muleg for brukarane å finne, forstå og bruke informasjonen dei treng.

Nettsider og facebook-sider

Det er administrasjonssjef som avgjer kva nettsider som skal opprettast som undersider. Per i dag har vi: Eidsdal skule, Valldal skule, Martin Linge-huset og Stordalshallen (må byggast på nytt i ny nettløysing der dei andre sidene ligg). I tillegg har vi Norddal og Stordal sine hovudsider som vil fungere fram til 01.01.2020. Då blir det sett eit skarpt skilje, og Fjord kommune overtek som informasjonskanal for tenesteytinga.

Administrasjonssjef skal også avgjere kva facebook-sider som skal opprettast og vidareførast. Det må gjerast ei vurdering av dei sidene som eksisterer i dag:

Norrdal kommune	Valldal skule	Eidsdal skule
Helsesøstrene i Norddal	Norrdal frivilligsentral	Stordal frivilligsentral,
Stordalshallen	Barnas kommune	Martin Linge-huset
Stordal bibliotek	Stordal skule	Fjord kommune
Ung i Norddal (ikkje i drift)	Kulturskolen Norddal (ikkje i drift)	

På dei sidene der ein ser at det ikkje vil vere naturleg med hyppige innlegg, vil det vere ein stor fordel å bruke hovudprofilen til kommunen. Det er betre å la vere å opprette eit dialogforum, enn å opprette eit som vi ikkje klarer å følgje opp.

Før det vert oppretta kontoar i tilknytning til Fjord kommune, må dei ansvarleg lage ein plan som minimum svarar på:

- Målsetting med initiativet? Kva skal vi oppnå
- Korleis skal forumet brukast og forvalta? Kva er hovudtema? Skal det vere fri diskusjon?

Tiltaket kan ikkje settast i verk før det er godkjent av administrasjonssjef.

Krav til innhald

- Innhald skal formidlast i eit korrekt, klart og brukartilpassa språk.
- Informasjon om ei teneste skal vere samla ein stad, men visast alle relevante plassar på nettsida.
- Innhaldet skal vere tilpassa brukarane sine behov og adferd. Det skal strukturast, presenterast og gjerast tilgjengeleg med brukaren i fokus. Besøkande skal ikkje vere nøydte til å kjenne kommunen si organisering for å finne det dei leitar etter.
- Prioriter innhald som er aktuelt, relevant og nyttig. Innhald som er mindre viktig gjer det vanskelegare for brukarane å finne fram til det dei leitar etter.
- Innhaldet skal sikre omsyn til heilskap og vise sakssamanhengar. Vis til anna relevant innhald gjennom omtale i teksten, bruk av koplingar og lenker til andre nettstader.
- Nyheiter er ferskvare. Løysninga skal ikkje brukast som arkiv.
- Innhald som ikkje lenger har verdi skal slettast.
- Alt innhald skal vere kvalitetssikra og godkjent av fagansvarleg før det blir publisert.
- Finst informasjonen allereie på ei anna nettside? Vi lagar då ikkje ei ny side, men linkar til denne nettstaden.
- Det skal vere fokus på tenester, og mindre på nyheiter.
- Vere bevisst på enkelt og klart språk.
- Skriv så kort og presist som muleg.

Korleis gjer vi det

- Husk kven som er målgruppa, og skriv det viktigaste først.
- Bruk korte setningar og enkle ord.
- Legg inn luft og bruk kulepunkt.
- Ver bevisst på rett bruk av overskrift, bilete, linkar, filer...
- Utheving skal markerast med feit skrift, ikkje kursiv eller understreking.
- Vi skriv vi og du
- Vi kombinerer ei personleg tone med seriøst innhald
- Vi viser glede og entusiasme der det passar.
 - Eks. «Velkomen til Fjord kommune – ein kommune vi er veldig glad i. Vi håper du også vil bli det»
- Vi bruker positive ord og vinklingar.
 - Eks. Vi skriv ikkje «ikkje gjer slik...», men vi skriv «Slik gjer du det..»
- Vi viser empati og forståing der det er naturleg.
 - Eks. «Å søkje om byggeløyve kan vere ganske komplisert. Difor vil vi gjerne at du ringer til oss, det er ofte lettare å forklare når vi snakkar saman»

Dokument

Vi skal ikkje legge ut dokument med innhald som kan leggast ut som tekst på nettsida. Større brosjyrar og dokument skal vere universelt utforma, og gjerast om til pdf-format. Vi legg ikkje ut word og excel-dokument.

Linkar

Det skal vere tydleg kva vi linkar til, t.d. skjema for omsorgstenester.

Linkane skal vere heile setningar eller ein del av setninga som viser kva linken går til.

Linkar til nettsider skal opnast i same vindaug.

Pdf-dokument skal opnast i nytt vindaug.


Foto

Foto skal i utgangspunktet støtte og forsterke budskapet som vert formidla i tekst.

Nøkkelord

For å gjere søk på sidene best muleg, er det viktig å legge inn nøkkelord for å optimalisere søk og alternativ tekst.

T.d renovasjon kan ha nøkkelord som søppel, boss m.v.



Saksframlegg

Nemnd for utarbeiding av plan for utbygging av framtidretta breibandsnett i Fjord kommune

Saknr. Utval	Utval	Møtedato
064/18	Fellesnemnda - Fjord kommune	16.10.2018

Arbeidsutvalet si innstilling:

Mandat til nemnda

Det skal opprettast ei nemnd bestående av fem personar som skal utarbeide ein samla plan for fiberutbygging i heile Fjord kommune. I den grad det er mogleg å nytte anna teknologi skal nemnda vurdere bruk av alternative løysingar.

Nemnda skal bestå av tre politiske valde medlemmar, ein medlem vald frå tidlegare arbeid knytt til breibandsplan i Norddal og ein medlem frå administrasjonen.

Planen skal innehalde oversikt over ikkje utbygde områder, kostnadsoverslag, framlegg til finansiering, framdriftsplan.

Medlemmane i nemnda får ordinær politikargodtgjersle for møta, dekt av Fjord kommune.

Innstilling frå valnemnda og AU:

1. Audun Skjervøy –leiar, Norddal
2. Kirsti Pernille Indreeide, Norddal
3. Per Ivar Skodjereite, Stordal
4. Rune Støversten, Stordal
5. Arne Krohn –administrasjon

Saksgrunnlag:

Under arbeidet med utvikling og vedtak i FN sak 38/18 av digitaliseringsstrategi for Fjord kommune, poengterte fellesnemnda at det grunnleggande må på plass før ein kan optimalisere digitaliseringsstrategien for Fjord. Det er fleire områder i kommunane som ikkje har god nok tilgang til internett, og Fjord kommune må ha stort fokus på utbygging av høghastigheitsbreiband i heile kommunen.

Saksopplysningar:

Valnemnda for fellensmnda har hatt møte og kome med tilråding av kandidatar til nemnda. Kandidatane er spurt om å stille, og er klar til å verte valt av fellesnemnda. Oppdraget valnemnda har fått er å finne tre kandidatar til ei nemnd for utarbeiding av ein felles plan for utbygging av høghastigheitsbreiband for Fjord kommune. Der anna teknologi kan nyttast skal dette vurderast. Det skal velgast to frå Stordal og ein frå Norddal. Dette med utgangspunkt i at det administrativt er oppnemnt to medlemmar av AU. Der tidlegare leiar i breibandsnemnda i Norddal er ein av dei.

Stordal kommune har ikkje hatt nokon eigen plan for utbygging av høghastigheitsbreiband, og ein treng derfor å få oversikt over heile Fjord kommune for vidare utbygging.

Norrdal kommune har gjennom fleire år bygd ut høghastigheitsbreiband. Kommunestyret vedtok våren 2015 ein plan for utbygging av eit framtidretta breibandsnett for Norrdal kommune. Planen tok føre seg forslag til finansiering, ulike teknologiar og ein konklusjon om at ein bør bygge eit FTH nett med nedlastningskapasitet på minimum 100 Mbit/s til alle husstandar i alle delar av kommunen der ein ventar at busetjing og næringsliv skal halde fram dei næraste tiåra.


I planen vart det sett opp ei prioriteringsliste over område som skulle byggast ut og kva år dette skulle skje. Til finansiering av utbygginga var det planlagt bruk av eigenandel, næringsfond og eksterne midlar.

Då dei eksterne midlane uteblei, vart det ikkje mogleg å fylgje planen slik den var utarbeidd. Ein fekk heller ikkje midlar i 2018 sjølv etter ein god søknad der eigenandelen var justert opp. No byggjer Norrdal ut det som i planen er området 4 Norrdal (2015) der ein også vurderar Hatlestadfjellet og område 7A Vika innklusiv Ytterli og Ruset(som skulle byggjast 2016).

Saksvurdering og konklusjon:

Sidan utbygging av framtidretta breibandsnett er så viktig for mellom anna implementering av digitaliseringsstrategien, bør fellesnemnda vurdere å sette av midlar til utarbeiding av ein felles breibandsplan for Fjord kommune. For at planen skal verte ferdig og lagt ut til høyring før godkjenning, er det viktig å kome i gang. Det er ny søknadsfrist for NKOM midlar til våren, og desse midlane bør søkjast på for Fjord og ikkje for Norrdal eller Stordal kvar for seg. Dersom ein får midlar vert utbygginga gjennomført våren 2020 og då er det Fjord kommune ein byggjer for.

Karl André Birkhol
Administrasjonssjef



Samfunns- og næringsutvikling – val av politiske representantar og mandat for arbeidsgruppe

Saksnr. Utval	Utval	Møtedato
065/18	Fellesnemnda - Fjord kommune	16.10.2018

Utsendte saksdokument:

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
10.10.2018	Innleiarane sine fem gode råd for næringsutvikling	1325250

Arbeidsutvalet si innstilling:

Val av politiske representantar:

Politisk valde til arbeidsgruppa vert etter tilråding frå valnemnda:

Vigdis Hove Øie, Stordal Vara: Frode Færøy, Stordal

Per Magnus Berdal, Norddal Vara: Ole Henrik Uri, Norddal

Valde representantar frå næringslaga til arbeidsgruppa vert av fellesnemnda teken til vitande.

Mandat for arbeidsgruppa for samfunns- og næringsutvikling:

1. Arbeidsgruppa skal kome med forslag til korleis Fjord kommune skal organisere næringsutviklingsarbeidet sitt, og korleis ein kan legge til rette for samhandling mellom kommunen og andre utviklingsaktørar.
2. Arbeidsgruppa skal også kome med råd om korleis vi skal engasjere ungdom i desse spørsmåla.
3. Medlemmane i arbeidsgruppa får godtgjersle etter fellesnemnda sitt godtgjerslereglement.
4. Arbeidsgruppa konstituerar seg og vel leiar og sekretær.

Saksgrunnlag:

Det vart i fellesnemnda sitt møte 18.09.18 orientert om dei tenesteleveransane kommunane har i dag. Norddal har eigen landbruksforvaltning, medan Stordal har avtale med Landbruk Nordvest, på Sjøholt. Begge kommunar har sett vekk anna næringsarbeid, og nyttar til dette Fjordhagen AS, og Vekst i Stordal.

FELLES-FJ- 059/18 Vedtak:

1. Fellesnemnda tek orienteringa om dagens næringsorgansiering i Norddal og Stordal til vitande.
2. Fellesnemnda oppnemner ei arbeidsgruppe som får i oppdrag å arbeide vidare med temaet samfunns – og næringsutvikling. Nemnda skal kome med råd om korleis Fjord kommune på best måte skal legge til rette for næringsutvikling og synleggjere næringane sine behov .

Nemnda må også kome med råd om korleis vi skal engasjere ungdom i desse spørsmåla.

3. AU skal utarbeide framlegg til mandat som skal endeleg godkjennast av fellesnemnda.

4. Arbeidsgruppa nemnt i pkt 2 skal ha slik samansetjing:

2 representantar oppnemnt av næringslaga – ein frå kvar av dei noverande kommunane

2 politisk valde representantar valde av fellesnemnda etter tilråding frå valnemnda

Rådmann i Stordal, Anne Berit Løset

Rådmann i Norddal, Karl Andre Birkhol

Planleggar Martin Flatmo Hove

Terese Jemtegård Moen

Harald Espeland

Saksopplysningar:

Næringslivskonferansen i Stordal 28. august, dannar grunnlag for det vidare arbeidet med samfunns- og næringsutvikling for Fjord kommune. Fellesnemnda drøfta innspel frå konferansen og gjorde vedtak om å opprette ei arbeidsgruppe som kjem fram av saksgrunnlaget tilhøyrande saka.

Valnemnda for fellesnemnda har kome med forslag til politiske representantar til arbeidsgruppe for samfunns- og næringsutvikling i Fjord kommune. Dei føreslåtte representantane er spurde på førehand og kan veljast av fellesnemnda.

Innstilling frå valnemnda:

Vigdis Hove Øie, Stordal

Vara: Frode Færøy, Stordal

Per Magnus Berdal, Norddal

Vara: Ole Henrik Uri, Norddal

Næringslaga i begge kommunar har valt sine representantar til arbeidsgruppa.

Dei valde er frå Stordal Næringslag, Magne Tøsse, og forslag på representant frå Norddal næringslag vert lagt fram i møtert.

Saksvurdering og konklusjon:

Det er særskilt viktig at arbeidsgruppa for samfunns- og næringsutvikling vert konstituert og kjem i gang med arbeidet. Gruppa sitt arbeid vil danne grunnlag for mykje anna arbeid i prosessen for bygging av Fjord kommune.

Arbeidsgruppa må samle innspela frå næringslivskonferansen som var i Stordal 28 august i år. Her var fem innleiarar og fleire innbyggjarar som tok ordet med tankar kring vidare næringsarbeid. Leiar i fellesnemnda har samla saman hovudpunkta frå konferansen, og desse vert lagt ved i saka.

Karl André Birkhol
Administrasjonssjef

Innleiarane sine fem gode råd for næringsutvikling:

	Råd 1	Råd 2	Råd 3	Råd 4	Råd 4
Ragnar Heggdal	Samarbeid – unngå å vere konkurrentar	Bygg vidare på sterke miljø – sterke merkevarer	Sjå ny bruk av eksisterande ressursar T.d ny bruk av bygningar. (industrilokale, driftsbygningar m.m)	Utnytt verdsarvstatusen – ver opptatt av kvalitet/oppleving meir enn av volum	Utvikle god, dynamiske planar. Rask sakshandsaming og fleksible planar. Proaktiv tilnærming. Ver rask på ballen!
Harald Espeland	Folk Syt for nødvendig kompetanse når det trengst	Ver smart! Vel ut noko, bygg vidare på det som allereie finst, Men ikkje ver blind for det som kan overraske	Tålmod Ver obs på at ting kan ta tid, men legg vekt på superrakse prosessar lokalt	Må vere rom for å feile	Ver kommersielle tvers igjennom. Lønsemd er rota til alt godt. Fokus på det som kan gi arbeidsplassar
Terese Jemtegård Moen	Nå dei unge og gi dei øving i gründerkap	Støtt opp under det eksisterande	Ver opptatt av innovasjon og omstilling	Samlokalisering , samarbeid og nettverk	Infrastruktur i form av vegar/bruer og breiband
Tom Anker Skrede	Sats på kvalitet framfor volum	Tiltak for å utvide sesongen Kople reiseliv og opplevingar	Samarbeid framfor konkurranse	Tilrettelegging gjennom samarbeid mellom private og det offentlege. Kommunen si rolle er viktig	Tenk langsiktig
Anne Berit L øset	Landbruket og bygdenæringane må stå fram som attraktive arbeidsplassar om ein skal kunne rekruttere	Næringa må ta i bruk ny kunnskap og ny teknologi	Ein må både legge vekt på mangfaldet som er – samt satse på spesialisering	Kommunen må kunne tilby eit godt fagmiljø – enten åleine eller i samarbeid med andre kommunar. Rask og kompetent sakshandsaming	Kommunen må legge til rette for god forvaltning og god infrastruktur som igjen kan stimulere til investeringar .

Næringar som vart nemde eksplisitt: Reiseliv, opplevingar , matproduksjon, helsetilbod og prduksjonskompetanse

Frå salen: Arbeid opp i mot dei unge(ungdomsråd m.m), Ver opptatt at det eksisterande næringslivet og gi dei oppbacking, syt for å ha eit stort nok næringsfond til stimulering